

Tuft for Høgnorskringen

§1 Høgnorskringen arbeider for å vinna det norske folket for den høgnorske målreisingstanken, eit reint og sjølvstendig norskt mål i skrift og tala.

§2 Ringen ser opphavet til målstriden i den tvikløyvingi med danskt skriftmål og norskt talemål som kom upp i dansketidi.

§3 Ivar Aasen gav det norske målet ei fullgod skriftfesting med det norske landsmålet. Aasen lagde vegt på å gjeva målet ei regelfast og landsgild form og nytta difor typeform-prinsippet. Til grunnlag og rettleiding for arbeidet sitt hadde han dei norske målføri og norrønt. Desse prinsippi til Aasen gjeld den dag i dag.

§4 Tilnærmingstanken som statlege nemnder hev fylgt i dette hundradåret, hev skipla det greide mynsteret i Aasen-målet og brote ned skriftradisjonen. No er det tid for å retta det som rengt er, reisa det som velt er.

§5 Høgnorskringen vil:

- a. fremja den ubrotne tradisjonen me hev for klassisk nynorsk, og arbeida for å få burt alle stengsle mot å nytta høgnorsk på alle leider i samfundet, same rettane for i-mål som i dag gjeld for a-mål.
- b. taka til motmæle mot utvatning og uppblanding av nynorskt mål.
- c. dyrka skriftmålet på høgnorsk grunn og spreida høgnorsk lesnad.
- d. røkta norskt talemål – heimlege målføre og normaltalemålet.
- e. taka vare på sambandet med frendemåli færøysk og islendsk.

Vedteki på fyrste årsmøtet i Høgnorskringen 3. oktober 1998. Tufti vart sîst brigd på årsmøtet 23. november 2019.

Fyresegnene åt Høgnorskringen

§1: Fyremål

1Høgnorskringen hev til fyremål å reisa, verja og dyrka høgnorsk. 2Denne tanken er nedfelt i tufti åt Høgnorskringen.

§2: Medverskap

1Høgnorskringen er open for den som er samd i fyremålet. 2Lagslemer skyldar å svara årspengar, og fær då røysterett. 3Høgnorskringen er med i Ivar-Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag.

§3: Sæte

1Høgnorskringen hev sæte i Oslo. 2Møte og stemnor vert i regelen haldne i Oslo eller på Austlandet.

§4: Årsmøtet

1Årsmøtet er å segja alle røysteføre lagslemer som møter etter fyreskrivi innbjoding. 2Årsmøtet er høgste avgjerdsamt i Høgnorskringen; 3det skìpar seg sjølv soleîs at det vel ordstyrar og skrivar,

og godkjenner innbjoding og saklista.

4Årsmøtet skal til vanlegt haldast kvart år, og styret sender ein månad fyreåt ut innbjoding til lagslemer med opplysing um tid, stad og saklista. 5Er ikkje innbjoding komi innan 1. november, kann lagslemer bjoda inn til årsmøte etter skriftleg støring til styret. 6Kjem no ikkje innbjoding innan fem vikor, kann sju lagslemer som er samde um det, sjølve bjoda inn til årsmøte.

7Årsmøtet skal hava fyre årsmelding, rekneskap, årspengar, stemna, val av styre, valnemd og ettersynsmann, og andre saker som lagslemene vil taka upp. 8Frest for å senda inn framlegg til tuft og fyresegner er seinast tvo vikor fyre årsmøtet.

9Årsmøtet skal avgjera alle grunnleggjande saker; 10desse lyt vera innkomne til styret i tid so dei kann kunngjerast i innbjodingi. 11Årsmøtet kann skjota avgjerdi i ei sak til ålmenn lagslemsrøysting.

§5: Styret

1Høgnorskringen hev formann og eit styre på fire attåt denne, med minst tvo varamenner. 2Dei vert valde av årsmøtet, og sit til nytt styre er valt, men ikkje lenger en femtan månader. 3Dreg ein styreslem seg ut-or, tek ein varalem plassen, soleîs at den hev fyrerangen, som stend fyrst i rekkjefylgja dei er valde i.

4Styret skîpar seg sjølv, so nær som formannsumbodet. 5Styret hev den daglege stjorni med laget utanum årsmøtebilet, og rettar seg etter fyrelogone årsmøtet hev gjeve.

7Kann ein styreslem ikkje møta, møter varalem i staden som styresmann, etter fyrerang som fyrr nemnd. 8Styret er vedtaksført når minst tri styresmenn er til stades. 9Formannen byd inn til styremøte minst ei vika fyreåt. 10Styreslemer kann òg bjoda inn, erso tvo månader er lidne sidan sist. 11Det skal førast opprît frå styremøti.

§6: Røysting og vedtak

1Årsmøtet gjer vedtak med vanlegt fleirtal. 2Fyresegnene kann berre brigdast med tvo tridjepartar fleirtal i årsmøtelyden. 3Vedtak og brigde i tufti gjer ein sameleîs som for fyresegnene.

§7: Uppløysing

1Vedtak um uppløysing av laget lyt gjerast av tvo årsmøte etter einannan, utan andre brigde i fyresegnene. 2Det lyt vera fleirtal på tvo tridjepartar i heile årsmøtelyden, men likevel soleîs at sju lagslemer som vil halda laget uppe, bægjer for uppløysingsvedtak. 3Eiga åt laget gjeng i fall uppløysing til ein annan skîpnad som verkar for høgnorskt mål, Ivar Aasen-sambandet um årsmøtet ikkje gjer vedtak um anna. 4Brigde i §7 lyt gjerast etter den vedtaksmåten som andre leden i denne bolken fyresegjer.

Fyresegnene vart sîst brigde på årsmøtet 23. november 2019